

Reglement for helsefondet

1.

Helsefondet skal kunne gi økonomisk stønad til studentar tilslutta SiVolda som har studiet som hovedbeskjeftigelse, og som har uvanleg store kostnader i samband med problem av helsemessig art. Det vert ikkje gjeve stønad til barn og andre familiemedlemmar.

For å få stønad må studenten være registrert som student ved ein høgskule som er tilslutta SiVolda i det tidsrommet behandlinga føregjekk, semesteravgift må vere betalt, og det må dokumenterast at ein har gått opp til eksamen, eller har gyldig fråver til oppmeldt eksamen, på minst 15 studiepoeng i semesteret.

2.

Helsefondet skal finansierast av semesteravgifta. I samband med budsjetthandsaminga skal det setjast av midlar til fondet.

3.

Stønad vert gjeve i form av stønad/dekning av dokumenterte utgifter. All behandling og alle kjøp må vere betalt, og det er ein føresetnad at ingen andre trygdingar eller forsikringsordningar dekkjer utlegga. Originale kvitteringar, eller kvitteringar med "rett kopi" som inneheld mellom anna namnet til søkjaren må følgje søknaden.

4.

Misbruk av helsefondet eller urette opplysningar gjer at SiVolda kan krevje stønadsbeløpet tilbakebetalt.

5.

Maksimumsstønadens fondet kan gje pr. student pr. semester er kr. 10.000,-, med fråtrekk av eigendel på kr. 1000. Det vert kun trekt ein eigendel pr. semester.

Beløp under kr 100 vert ikkje utbetalt.

Dersom søknadsmassen er stor kan helseutvalet gjere ei prosentvis avkorting ved tildeling av stønad.

Det kan søkjast om dekking av større kostnader som skuldast andre tilhøve enn det som vert nemnt i reglementet, dersom desse kostnadene er knytt til helsemessige problem som er til stort hinder for at studenten skal kunne fungere i studiesituasjonen, t.d utredningar hjå PPT eller liknande. Det kan og søkjast om reisestøtte ved alvorleg sjukdom eller død i næraste familie. Slik reisestøtte kan innvilgast med inntil 50% av reisekostnadene over kr.1000,-, med ei maksimalgrense på kr. 4000,-. I slike tilfelle verdt det krevd særskilt skriv frå lege eller sjukehus.

Helseutvalet si avgjerd i slike ekstraordinære saker kan ikkje ankast.

6.

Det kan søkjast om stønad til:

Tannhelseteneste:

- Trekking av visdomstenner
- Tannskadar.
- Med tannskadar meiner vi skadar som har oppstått plutselig og uforutsett, til dømes slag mot tenner, tenner som sprekk eller knekk under tygging, og som ikkje skuldast dårleg tannhygiene. Tannskaden må ha oppstått i studietida.
- Vanleg fyllingsterapi vert ikkje dekt.
- Godkjende utgifter til tannhelseteneste vert dekt med 40 % av dokumenterte utgifter utover eigendelen på kr. 1000.

Optisk utstyr:

- Briller som er naudsynte i studiesituasjonen.
- Det vert normalt ikkje gitt stønad til linser, men i særlege tilfelle kan det gjevast stønad til linser på medisinsk og studiemessig grunnlag (til dømes til dei som ikkje kan nytte briller i studiesamanheng). Linsegaranti og linseveske er ikkje stønadsberettiga.
- Ved kjøp av briller vert det gitt stønad til innfatning med kr. 500,- Overskytande vert trekt frå før stønad blir berekna.
- Ved kjøp av optisk utstyr skal optikar fylle ut skjemaet «erklæring optisk utstyr» som ligg ved søknadsskjema om stønad til helsefond.
- Til optisk utstyr kan det maksimalt gjevast kr. 1500 i stønad.

Kiropraktikk:

- Behandling må vere tilvist av lækjar eller kiropraktor.
- Maksimalt utbetalt stønadsbeløp er kr. 2500.

Transportordning:

- Det kan gjevast stønad til ekstraordinære utgifter til transport mellom bopel og studiestad ein gong pr dag tur/retur grunna mellombels uførleik eller sjukdom. Må dokumenterast av lækjar.
- Maksimalt utbetalt stønadsbeløp kr. 1500.

Teknisk hjelpemiddel:

- Det kan søkjast om stønad til teknisk hjelpemiddel som er naudsynt i studiesituasjonen og som ikkje vert dekt av Trygdekontoret eller andre. Behovet må dokumenterast av lækjar. Maksimalt utbetalt stønadsbeløp kr. 2000.

Z.

Søknad om stønad frå helsefondet skal skrivast på godkjent søknadsskjema som ein får ved å vende seg til SiVolda, eller via utskrift frå lenke på nettsida

8.

Alle opplysningar søknaden krev må vere attesterte, og det vert forutsett at attestasjon vert skriven på norsk utan omfattande bruk av fagterminologi på latin.

9.

SiVolda kan innhente opplysningar for å kontrollere gitte opplysningar.

10.

Søknad om stønad skal handsamast av administrasjonen i SiVolda. Er det tvil om ein søknad fell innanfor reglementet skal helseutvalet tre saman for å vurdere søknaden. Helseutvalet er samansett av to studentar oppnemnd av SiVolda sitt styre, og ein frå SiVolda sin administrasjon. Den administrative personen er sekretær for helsefondet. Helseutvalet kan fatte vedtak når minst to medlemmar er til stades. Medlemmane som handsamar søknadene har teieplikt.

11.

Avgjerda skal vere skriftleg. Avgjerda kan påklagast skriftleg til SiVolda sitt styre innan 2 (to) veker etter at søkjaren er gjort kjend med avgjerda.

Er dei som sit i helseutvalget òg medlemmar av styret i SiVolda skal dei fråtre ved handsaminga av klagen.

Reglementet tek til å gjelde frå 01.01.2008